




Raudt



# Kontroll over krafta

Spørsmål og svar  
om straumpolitikken


# Korleis blei straumen så dyr?

Da Raudt advarte mot at eksportkablane til utlandet ville gi høgare straumprisar, blei vi latterleggjorde og kalla for konspirasjonsteoretikarar. I dag er dei fleste einige om at det er nøyaktig det som har skjedd.

Tilknytinga til den europeiske straumbørsen har skapt ekstreme svingingar og drive prisane til vers. Derfor seier Raudt nei til nye utanlandskablar og nei til tettare integrering av norsk kraft i EUs kraftmarknad.

Gjennom 100 år har vi bygd landet på fornybar vasskraft, til nytte for både folk og næringsliv. Det kan vi heldigvis halde fram med. Men da må vi sikre **nasjonal, demokratisk kontroll over krafta**.

# Kva er skilnaden på Raudts makspris og politikken til dei andre partia?



Raudt går inn for ein makspris på straum som står i forhold til kva det kostar å produsere han. Ein slik makspris vil vere eit tak, i motsetnad til regjeringas forslag om ein fastpris som ikkje gir straumkundane billigare straum i periodar med stort kraftoverskot. Fastprisen hjelper heller ikkje næringslivet.

Kort sagt:  
**Fastpris hjelper litt.**  
**Makspris hjelper mykje.**



”

**Straum skal vere eit  
felles gode – ikkje noko  
vi skal måtte kjøpe til  
høgste pris på ein  
børs**

**Marie Sneve Martinussen**  
Leiar i Raudt

# Bli med i kampen for nasjonal, demokratisk kontroll over krafta.

RAUDT VIL:

- Innføre makspris på straum på 35 øre kWt for både folk og næring.
- Regulere krafteksporten. Ingen nye utanlandskabler.
- Bruke reservasjonsretten mot EUs 4. energimarknadspakke og melde Noreg ut av EUs energibyrå ACER.
- Starte ei storstilt satsing på energieffektivisering, og høgare avgift for luksusforbruk



Bli med på laget

Meld deg inn på  
[raudt.no/bli-medlem](https://raudt.no/bli-medlem)



RAUDT.NO